

Årsmelding

2023



FORORD

I starten av 2023 fekk vi eit skifte av dagleg leiar. Etter nær fem år i stillinga valde Baste Tveito i februar å gå tilbake til industrien, til Scana ASA. I perioden fram til ny dagleg leiar kom 1. mai, vart overlappinga handtert godt frå Hildegunn og Vivian i administrasjonen. Styreleiar Beate S. Korsøen vart ny dagleg leiar etter ein ekstern tilsettjingsprosess. Nordhordland Næringslag har veldig mykje å takke Baste Tveito for, noko som blei tydeleg poengtert og markert under årsmøtet 19. april.

Nordhordland Næringslag ønskete å sikre betre framdrift og utbygging av E39 Nordhordlandstunnelen gjennom Bergen, som 1. del av Ringveg Øst. Saman med Regionrådet Nordhordland blei vi samde om å kjøpe konsulenttenester frå ATKVA AS/Atle Kvamme frå 1. mai. For å sikre eit betre påtrykk administrativt og politisk, såg ein at dette grepet måtte til. Etter det vi veit i dag, var dette ei klok avgjerd og godt initiativ.

Alverbadet AS låg etter planen godt an i prosjekteringen, og målet var politisk behandling i 2023 og igangsetjing og oppstart på arbeidet i 2024. Ein dramatisk auke i prisar på stål og betong som utgjer høg andel i prosjektet, sendte prosjektkostnadane til himmels. Styret i Alverbadet AS valde derfor å setje prosjektet noko på hald for å avklare vegen vidare. Status no er at arbeidsgruppa er utvida med fleire personar med relevant kompetanse innan byggeprosjekt og kunnskap om basseng, og ein jobbar vidare med prosjektet i 2024. Vi ønskjer framleis eit folkebad i Knarvik!

Det framtidige kraftbehovet i Nordhordland er eit særskilt viktig tema i næringslaget. Statnett har varsla oppgradering av straumnettet mellom Samnanger og Øygarden, den såkalla 3. linja, som er ei oppgradering til 420 KV kabel. Førstlått traséval for den nye linja er omstridd, då den kryssar fleire kommunar, og i stor grad Alver kommune. Næringslivet og regionen er heilt avhengig av meir straum og ny kabel, spesielt knytt til industrien som ligg på Mongstad og rundt Fensfjorden. Statnett utfordrar regionen med linjevalet sitt, og mange ønskjer meir sjøkabel og vern av natur. Vi treng den nye linja for å kunne omstille industrien og behalde viktige arbeidsplassar i Nordhordland.

Nordhordland Næringslag er ein av partane i Greenspot Mongstad (GSM), og dagleg leiar i NONL deltek i styringsgruppa der. *Greenspot Mongstad* er ein av dei grøne industrihubane definert i Grøn Region Vestland si oppdatering i Vestlandsporteføljen 2.0 på tampen av 2023. Ein annan viktig hub i Nordhordland er *Sløvåg Supersite Offshore Wind* og ein tredje er *Skipavika Innovation Park*. Vi ventar fleire nyhende frå desse hubane dei neste åra med fokus på grøn omstilling og industriell symbiose.

Næringskonferansen på Mongstad 6. september vart ein suksess. Nærmare 500 deltakarar fylte Mongstadhallen, og temaet var «Krise og muligheter». Vi valde eit meir lokalt fokus på kva ein treng for å lukkast med den grøne transformasjonen i vårt område. Behov for infrastruktur som til dømes betre vegar og mobilnett, meir kraft der vi treng dette, meir arbeidskraft og nye framtidssretta utdanninger, var nokre tema. Vi såg og på samarbeid i nye former hos lokale firma som har gitt nye kontraktar, og nytt av året var filmar som illustrerte dette. Vi ønskjer å takke våre sponsorar, medlemsbedrifter og alle som var til stades på dagen. Særskilt takk til Equinor Mongstad som er ein god støttespelar som gjer det mogleg for oss å framleis kunne arrangere ein gratis konferanse. Tusen takk til alle!

Kompetansearbeidet i Nordhordland er i ein særklasse. Vi skil oss veldig positivt ut på yrkesutdanning, og ingen andre regionar har så godt samsvar mellom utdanninga som vert tilbydd på vidaregåande skule og arbeidslivet sitt behov. Lærepllassgaranti på tvers av fag er også unik. Vi samarbeider godt med mange ulike aktørar som alle har eit felles mål, og vi har eit stort fokus på vidareføring av eksisterande utdanningslinjer, der dette kan forsvarast.

Årsmøtet i 2023

Årsmøtet vart halde i Dampen 19. april 2023. Atle Kvamme innleia med informasjon om E39 Nordhordlandstunnelen, og Sondre Olsen i NHO fortalte om viktige saker for NHO og næringslivet. Baste Tveito vart takka av som dagleg leiar av Beate S. Korsøen, avtroppande styreleiar og ny dagleg leiar.

Medlemmer

Antal medlemmer pr. 31. desember 2023 var 355. På www.nonl.no er det oversikt over alle medlemmer.

Styret

Ove Håland, Arkoconsult AS (styreleiar)
Stine F. Brandsdal, Nortrans AS (nestleiar)
Jonny A. Marøy, Econ Consulting AS
Vidar Hjartnes, Eide Fjordbruk AS
Åge Torsvik, Amfi Knarvik
Ragnhild Undertun, Gulen og Masfjorden Utvikling AS
Helen Lundberg, Synfaring AS

Styret har i 2023 halde fem styremøte.

Valnemnd

Richard Cornell, Kenneth Sjo Samuelsen og Fredrik Moe Mikkelsen (leiar).

Revisor

Helge Hellem, Dreggen Revisjon AS.

Administrasjon

Administrasjonen har bestått av dagleg leiar Baste Tveito (fram til mars 2023), Beate S. Korsøen (dagleg leiar f.o.m. 01.05.23) og medlems- og arrangementsansvarleg Hildegunn Dalland. I tillegg er Vivian Kårbo tilsett som prosjektleiar for kompetanse. Stillinga til Vivian er betalt av Vestland fylkeskommune og kommunane i Nordhordland.

Styret i Opplæringskontoret for Nordhordland

Representant frå Nordhordland Næringslag: Ove Kåre Kjeilen (CCB Mongstad).

Alverbadet AS

Kjell A. Reigstad er styreleiar og Beate S. Korsøen er dagleg leiar. Karl Vågstøl og Ove Håland deltar i arbeidsgruppa.

Greenspot Mongstad

Styringsgruppa består av Widar Salbuvik, Børge Brundtland, Hogne Haugsdal og Beate S. Korsøen.

Nordhordland UNESCO Biosfære

Beate S. Korsøen representerer Nordhordland Næringslag i Biosfærerådet.

Partnarskapsavtale Alver kommune

Alver kommune og Nordhordland Næringslag har ein partnarskapsavtale for å styrke samarbeidet om næringsutvikling. Avtalen blir fornya i 2024.

Næringsalliansen Vestland

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 17 næringsråd og -foreiningar i Vestland fylke. Samarbeidsavtalen er grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen.

BRANSJEGRUPPENE

Målsettinga for bransjegruppene er å ivareta den einskilde bransje sine interesser. Gruppene jobbar med saker som er aktuelle for bransjen. Styret og bransjegruppene skal ha tett dialog og gi innspel til kvarandre.

Industri

Jon Halstein Tjore, Equinor Mongstad (leiar) | Irene K. Wergeland, Wergeland Group AS | Richard Cornell, PSW Technology AS | Øystein Blom, Frekhaug Stål AS | Bjarte Fosse, Synfaring AS

Industrigruppa skal bidra til kompetansebygging, innovasjon, samarbeid og betring av lokale rammevilkår. Rekruttering står høgt på agendaen, og gruppa har mellom anna hatt eit samarbeid med NAV om ulike tiltak. Dei har også starta ein prosess kring nye utdanningstilbod for å sikre regionen vår relevant arbeidskraft i åra som kjem.

15. juni arrangerte gruppa industridag i Sløvåg der Equinor og Wergeland Group slapp nyheita om at Wergeland blir føretrekt leverandør av base for bygging av fundament og samanstilling av turbinar for flytande havvind.



Grete Hexeberg, Equinor og Irene K. Wergeland, Wergeland Group

Handverk

Helge Sandvik, H. Sandvik AS (leiar) | Egil Sagstad, Reknes Byggjevarer L/L | Konrad Risnes, Risnes Elektro AS | Terje Seim, Seim Bygg AS | Nils-Arne Træland, Lindås VVS AS | Kåre Romarheim, Romarheim AS

Handverksgruppa ønskjer å styrke bransjen og vere ein aktiv part når det gjeld påverking av relevante fagområde i kommunane i vår region. Vidare skal dei medverke til fagleg oppdatering og samarbeid mellom lokale bedrifter. Rekruttering til bransjen er også ei viktig sak for gruppa.

Det er dei siste åra etablert eit konstruktivt samarbeid med Alver kommune om prosessar og problemstillinger rundt byggesak. Det er sett ned ei eiga gruppe med deltararar frå bransjen og kommunen. Arbeidet har gitt resultat og blir vidareført framover.

Gruppa har også dialog med Alver kommune rundt offentlege innkjøp og tilrettelegging for lokale leverandørar, og planlegg eit seminar rundt dette.

Handel og service

Helge Bjordal, Nagelld AS (leiar) | Evi Eknes, Reklamehuset | Åge Torsvik, Amfi Knarvik | Stein Are Slettemark, KPMG

Viktige oppgåver for bransjegruppe Handel og service er å legge til rette for nettverksbygging, omdømmebygging og synleggjering av bransjen. Gruppa ønskjer også å tilby fagleg påfyll for bedriftene innan handel og service.

Gjennom året har gruppa jobba med planlegging av ulike arrangement og møtestader for bransjen. 16. februar arrangerte dei eit kveldsmøte om utviklingsplanar i Knarvik med godt oppmøte.

Saman med Alver kommune har dei sett fokus på offentlege innkjøp og moglegheiter for lokale bedrifter, og har også jobba med eit frukostmøte om korleis ein kan bli leverandør til kommunen som vart gjennomført i mars 2024.



Frå arrangementet om utvikling i Knarvik. Foto: Synne Grimen Hammervoll, avis Nordhordland

Havbruk

Normann Sæbø, Mørenot (leiar) | Ragnar Nortvedt, Havforskningsinstituttet Matre | Frode Gjelsvik, Lerøy Vest AS | Vidar Hjartnes, Eide Fjordbruk AS

Kommunane i Nordhordland har gått saman om å utarbeide ein interkommunal plan for sjøareal. Dette har vore hovudsaka for bransjegruppe Havbruk også i 2023. Gruppa har medverka i prosessen for å sikre næringa sine interesser så langt som mogleg. Gruppa har også starta arbeidet med eit mogleg vidare samarbeid med Regionrådet for å utvikle ein meir berekraftig strategi som kan gi vekst i næringa i vår region.

KOMPETANSEFORUM NORDHORDLAND

Beate S. Korsøen (leiar) | Vivian Kårbo | Frode Hervik, Austrheim vgs | Kari Bruvik, Osterøy vgs | Geir Rydland, Knarvik vgs | Vidar Tufteland, Kompetansesenteret for robotteknologi | Morten Kolås, Equinor Mongstad | Jarle Monstad, Framo Flatøy AS | Stian Herøy, Fedje kommune | Rune Heradstveit, Region Nordhordland IKS | Anita Bjørsvik Kvamme, Region Nordhordland IKS | Magne Jarle Myhr, Bergen Engines AS | Hanne Tysnes, Karriere Vestland | Jane Britt Daae, NAV | Kristin Iversen, Vestland fylkeskommune | Lillian Vabø Mongstad, Opplæringskontoret for Nordhordland | Sara Hamre Sekkingstad, Alver kommune | Lars Fjeldstad, Osterøy kommune

Mandatet:

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

Nokre gjennomførte tiltak i Kompetanseprosjektet:

- Målretta arbeid med læreplass for elevar på vg2 i Nordhordland – 96 % fekk læreplass i 2023
- Klassebesøk på vg2 med fokus på CV og søknad
- Hospitering for elevar i bedrift
- Arbeidsgruppe for rekruttering av helsefagarbeidrarar i Nordhordland
- Rekrutteringsdag for helsefag, 10. trinn
- Samlingar for rådgjevarar på ungdomstrinnet
- Samarbeidsprosjekt med HVL om arbeidet med læreplassgaranti i Nordhordland
- Jobbmesser
- Besøk på 10. trinn, vg1 og vg2 om arbeidslivets forventningar
- Yrkes- og utdanningsmessa for Nordhordland i samarbeid med Region Nordhordland og Opplæringskontoret for Nordhordland
- Samarbeid med NAV Flyktingenesta og Nordhordland Rotaryklubb om inkludering av flyktningar i arbeidslivet

Ressursgruppa

Helge Korneliussen (leiar), Roald Olsvold, Inge Alver, Jarleiv Haugland, Inger Johanne Ektvedt, Geir Flom, Einar Vatne, Oddfrid Hole, Olav Sylta, Hardy Pedersen

Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag har sidan 2011 hatt eit samarbeid med NAV for å hjelpe ungdom som ikkje har fullført vidaregåande skule. Gruppa gjennomfører også bedriftsbesøk for å skaffe fleire læreplassar i regionen. Klassebesøk på vg2 med fokus på CV og søknad er viktig i arbeidet med å hjelpe ungdom til å få læreplass. Vivian Kårbo koordinerer arbeidet.



Ressursgruppa på bedriftsbesøk hos PSW

MEDLEMSAKTIVITETER

Arrangement i 2023

- 18.01.23: Frukostmøte: Næringsplanen i Alver (med Alver kommune)
- 26.01.23: Nordhordland Awards
- 16.02.23: Kva skjer i Knarvik?
- 23.03.23: Frukostmøte: Økonomisk støtte til bedrifter (med Alver kommune, Industriutvikling Vest, Klar Bedrift, NAV og Karriere Vestland)
- 30.03.23: Frukostmøte: Nye reglar om innleige av arbeidskraft
- 11.04.23: Jobbmesse (med NAV)
- 15.06.23: Industridagen
- 01.09.23: Volvatstafetten (med Knarvikmila)
- 06.09.23: Næringskonferansen
- 26.09.23: Frukostmøte om rekruttering og bemanning
- 14.11.23: Morgonmøte: Inkluderande rekruttering (med NAV og Region Nordhordland)
- 22.11.23: Yrkes- og utdanningsmessa
- 23.11.23: Damenes aften
- 05.12.23: Bærekraft som konkurransefortrinn (med IUV og Synfaring)

Leiarnettverk

I leiarnettverka «Tryggare styring» og «LINK» er det gjennomført fire samlingar. Føremålet er fagleg påfyll, relasjonsbygging og erfaringsdeling. Tryggare styring har cirka 45 deltagarar og består hovudsakeleg av dagleg leiatarar i lokale bedrifter. LINK er nettverket for mellomleiatarar med cirka 35 deltagarar.

Nordhordland Awards

Nordhordland Awards er eit samarbeid mellom Nordhordland Næringslag, Industriutvikling Vest, Alver kommune og Sparebanken Vest. Festkvelden for næringslivet vart gjennomført 26. januar på Alver Hotel med 160 deltakarar. I løpet av kvelden vart det delt ut midlar frå SPINN-fondet, næringsfondet til Alver kommune vart markert og Årets bedrift vart kåra. Claus Sellevoll og Gisle Børge Styves Orkester sto for underhaldninga.



Årets bedrift

Avisa Strilen, Sparebanken Vest og Nordhordland Næringslag deler årleg ut heidersprisen «Årets bedrift». Prisen blir tildelt ei bedrift i Nordhordland eller Gulen som har utmerka seg spesielt. Utdelinga finn stad på Nordhordland Awards. Årets bedrift 2022 vart Magne Hope AS.



Foto: Fotograf Trude Brun Wilhelmsen

Næringskonferansen på Mongstad – «Krise og muligheter»

Krig i Europa, klimaendringar, stigande renter, høge straumprisar og inflasjon var bakteppet for konferansen. Av krise kan det komme nye moglegheiter, og vi ønskete å rette søkelyset mot dei store planane og moglegheitene i regionen vår dei kommande åra – og kva som må til for å lukkast.

Terje Aasland, Nikolai Astrup, Jon Askeland, Ragnhild Fresvik, Silje Skjelsvik, Jonny Hesthammer, Monica Mæland og Einar Vaage var blant dei som bidrog til å belyse temaet, og ZingZang gav ny energi etter pausen med flott musikalsk innslag.





Næringskonferansen samla 500 deltagarar og er ein viktig møteplass for næringslivet, det offentlege, politikarar, studentar, skulelevar og andre interesserte. Konferansen blir arrangert annakvart år, veka før valet. På grunn av pandemien var det fire år sidan førre konferanse.

Det er gratis å delta, så vi er avhengige av annonseinntekter for å få dette til. Vi set stor pris på alle våre sponsorar og samarbeidspartnerar som gjer det mogleg å arrangere Næringskonferansen.



Alle foto: Fotograf Trude Brun Wilhelmsen

Damenes aften

Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest inviterte 23. november til ein fagleg og sosial møteplass for kvinner. Målet er å skape ein arena for å inspirere kvarandre, dele erfaringar, utfordre, knytte relasjonar, auke kompetansen og spele kvarandre gode. Over 100 påmeldte viser at det er stor interesse for slike møteplassar, og vi planlegg å gjenta dette i 2024.



Foto: Yvonne Ce. Jordal, Nordhordland Tekst & Foto